2. Jeg er nokså fersk i politikken. Det er en utfordring, samtidig som det ligger et potensial i det ved å trigge nysgjerrighet. Også for meg er synlighet stikkordet. Jeg har hittil markert meg med leserinnlegg, enkelte redaksjonelle oppslag og appeller (asylbarn og oljefritt LoVeSe). Fremover blir det i tillegg å besøke lokallag og delta på debattmøter og andre arrangement. I tillegg spisser jeg en offentlig, politisk profil på Facebook og skal i skrivende stund opprette en twitter-konto.

3. Jeg har doktorgrad i havrett, og av faglige grunner kunne jeg gjerne tenke meg næringskomiteen eller justiskomiteen. Energi- og miljøkomiteen kommer også nokså høyt opp på listen.

4. Varig vern av LoVeSe mot petroleumsaktivitet! Dette er viktig både for å utøve omsorg for miljøet og det sårbare økosystemet, men også for å satse på de varige næringene i landsdelen, for eksempel fiskeri, havbruk, turisme og bioprospektering.

5. Å få være folkevalgt for Venstre - å fremme våre verdier og gjennomføre vår sosialliberale politikk - er en ære!

# Tema: En bedre hverdag

## Energikamp på hjemmefronten

Hva skjedde med enøk? – Det forbindes kanskje med noe litt trist, sier Einar Wilhelmsen i Zero. Men det trenger det ikke være.

side 12-15

Ta grønne valg – Miljøpolitikk handler ikke bare om avgifter, skriver Ola Elvestuen.

side 16-17

Summen av alt – Det er ikke verstingene som er verst, skriver Alvhild Hedstein.

side 18-19

Ein betre kvardag Miljø treng ikkje vere kjipt. Det er poenget.

side 20-21

Utanfor Oslo – Kollektivpolitikk er ikkje berre Oslopolitikk.

side 22-23





# Energikamp på heimefronten

Alle veit at det er godt for miljøet å spare på straumen.

Så kva skjedde med enøk?

Hans Andreas Starheim

– Enøk er eit omgrep som har vore i bruk sidan 70-talet. No er det ikkje så mange som brukar det lenger. Det er vel noko som forbindast med noko litt trist, med å slå av lyset og gå rundt og fryse i mørket. No kallar vi det gjerne for andre ting, slik som energieffektivisering i bygg. Men nøkkelen for å få til endring er framleis konkrete tiltak og gode støtteordningar.

Det seier avdelingsleiar for bygg Einar Wilhelmsen i miljøstiftinga Zero. Han trur ikkje det er nok å berre snakke om enøk for å få til store endringar i energibruken i byggsektoren.

Meir enn kvar tredje kilowattime som nyttast i Noreg blir nytta i private husstandar, for å gjere det lyst og lunt, for å varme vatnet vårt, og for å drive alt frå vaskemaskin til nettbrett. Vi brukar meir energi på å bu enn vi brukar på all vegtrafikk til saman. Og trass i at vi har snakka om energisparing i fleire tiår, så brukar vi like mykje straum no som vi gjorde for tjue år sidan.

– Vi bur litt meir energieffektivt no enn vi gjorde før. Det vil seie, vi brukar mindre energi for kvar kvadratmeter vi bur på. Men så bur kvar av oss på litt fleire kvadratmeter, så det går omtrent i null.

## – Kan ikkje sjå energi

Isak Oksvold jobba tidlegare som miljørådgjevar for Venstre. I dag er han direktør for miljø- og samfunnsansvar hos eigedomsutviklaren Aspelin Ramm, og frå sin synsstad på entreprenørsida i byggebransjen kjenner han seg att i det Wilhelmsen seier.

– Det er vanskeleg å kommunisere enøk eller energieffektivisering i seg sjølv overfor våre kundar. Bustadkjøparane kan ikkje «sjå» energien. Då er det mykje enklare å selje konkrete løysingar, slik som varmepumper.

Aspelin Ramm har mykje erfaring med å finne energieffektive og miljøvenlege løysingar både ved oppføring av nye bygg og ved rehabilitering av gamle,

blant anna då dei bygde Noregs mest energieffektive kontorbygg for Bellona. Oksvold trekk fram eit anna døme på kva som er mogleg å få til om ein tenkjer gjennomgåande på energieffektivitet.

– Vi rehabiliterer no eit lagerbygg frå 70-talet kor vi klarar å redusere det årlege energiforbruket med nesten 90 prosent.

Ein typisk norsk husstand brukar 20 000 kWh i året. Lagerbygninga brukte før rehabilitering 15 millionar kWh, eller nesten 800 gangar så mykje. Berre gjennom energieffektiviseringstiltak kutta Aspelin Ramm energibruken med nesten 13 millionar kWh, eller like mykje som 650 vanlege husstandar.

– I tillegg skal vi hente ein million kWh frå overskotsvarmen frå ein datasentral på nabotomta. Det er varme som tidlegare gjekk til kråkene, og som no går til nyttig bruk. Totalt reduserer vi energibruken med 89 prosent. Det er så mykje at vi ventar at investeringa energimessig er nedbetalt etter berre 4-5 år, seier Oksvold.

– Det er 30 millionar kvadratmeter med varmlager av denne typen i Noreg. Det er klart det er mykje å hente her.

## – Energisparing er verdiskaping

Isak Oksvold meiner verdien av energieffektivisering er underkommunisert og at det får for lite politisk merksemd. Trass i at det over tid ofte er økonomisk lønnsamt å gjennomføre tiltak, så er det likevel mange som lar vere.

– Det er for lite fokus på energisparing. Av alle klimatiltak som kan gjerast, så er det ingenting som gir meir tilbake i høve til investeringane. Når det ikkje blir satsa meir på det, så har det mykje med haldningar å gjere. I si høyringsuttale til EU sitt energieffektiviseringsdirektiv seier til dømes Statistisk Sentralbyrå at energieffektivisering ikkje er verdiskaping. Det er ein veldig gammaldags måte å tenkje på. Om vi som samfunn kan skape meir med mindre energiforbruk, så

betyr det auka verdiskaping. Det burde vere lett å forstå, meiner Oksvold.

Oksvold meiner at betre og enklare støtteordningar er nødvendige for å få utnytta mogleheitene ved energieffektivisering, ikkje minst for eksisterande bygningsmasse. Og han har også tru på meir satsing på aktive energieffektiviseringstiltak.

Litt forenkla så fins det to typar energisparingstiltak i bygg, nemlig aktive og passive tiltak. Passive tiltak er slike ting som tjukkare isolasjon og bygningstekniske løysingar for å ta vare på varme innanfor huset sine fire veggar. Aktive tiltak går ut på å hente meir energi direkte til huset, slik at ein bytter ut noko av energien ein vanlegvis får levert over straumnettet eller fjernvarmenettet med energi som ein hentar direkte til huset frå lufta eller sola, slik ein gjer med ei varmepumpe eller ein solfangar. Huset blir med andre ord sitt eige kraftverk.

– Trenden i det siste har gått mot at det blir snakka meir om passive tiltak. Men det er grenser for kor stor marginaleffekten er ved å legge til ein centimeter til med isolasjon. Vi har mest tru på dei aktive tiltaka i dei prosjekta vi driv med, og eg trur slike tiltak også har den høgaste nytta for samfunnet.

## Trur på solenergi

Einar Wilhelmsen i Zero er einig i at ein-sidedig fokus på passive tiltak ikkje nødvendigvis er det beste. Tvert i mot meiner han at støtte til aktive tiltak kan vere ein nyttig måte å også kanalisere privatfolk sin kapital inn i arbeidet for å skape eit meir energieffektivt samfunn. Han viser til den eksplosive utviklinga i marknaden for solenergi i Tyskland og Danmark, kor gode støtteordningar har gjeve ein overraskande rask utvikling.

– I alle land kor dette er blitt introdusert i private husstandar så har det teke fullstendig av, akkurat som varmepumper har teke av her til lands.



Ill: Aspelin Ramm/Gerilja

Og Wilhelmsen meiner det er stor likskap mellom varmepumper og solceller: enkle å installere, små bygningsmessige inngrep, ingen behov

for ny infrastruktur. I Danmark førte ei sjenerøs støtteordning av solceller til at over 70 000 husstandar installerte eigne solanlegg på berre eitt år. Støtteordninga var truleg litt i overkant sjenerøs, meiner Wilhelmsen, men det langsiktige målet med slike støtteordningar må uansett vere at dei dreg i gong ein marknad som blir så stor at den på sikt klarar seg utan støtte i det heile.

«Solceller er 50 prosent dyrare i Noreg enn i Danmark. Det er berre fordi danskane har ein marknad for solceller medan vi i Noreg ikkje har det.»

**Einar Wilhelmsen**

han.

**Slutt på trekkfulle trønderlån**

– Det er ikkje noko gale med aktive tiltak, men når vi byggjer nye

hus i dag så er det viktig å satse på tiltak som har lang levetid, og som følgjer huset gjennom heile levetida.

Det seier Guro Hauge i Lavenergiprogrammet. Ho tek passivhusa i forsvar og meiner at det ikkje krevst så mykje som enkelte vil ha det til å bygge hus med svært lavt energiforbruk.

– Eg har vekse opp i ei trekkfull trønderlån, og eg bur framleis i ei, sa olje- og energiminister Ola Borten Moe nyleg til Adresseavisen, og meinte med det at ein ikkje kunne ta skade av å bu i hus kor vinden bles litt gjennom veggane. Men tida for trekkfulle og sprengfyrte gamle trehus er allereie for lengst historie. Dei tekniske forskriftene for nybygg stiller allereie strenge krav om isolasjonsgrad, varme- og energibesparing og energieffektivitet. I klimameldinga som blei vedteken i fjor blei det bestemt at ein allereie i 2015 skal innføre den sokalla passivhusstandarden som standard for alle nybygg. Det betyr enda strengare krav, og både frå politisk hald og frå enkelte aktørar i bransjen er det blitt retta kritikk mot det som blir oppfatta

som stivbeinte krav som vil gjere nye hus mykje dyrare.

– Det er mange mytar om passivhus, men skilnaden frå den standarden vi allereie har er ikkje nødvendigvis så stor, og det dreier seg mest om å teikne gode bygg og gjere godt arbeid. Då treng heller ikkje kostnadane bli så mykje høgare. Ei seigliva myte om passivhus er at dei må vere hermetisk

**Nina Bugge**

lukka, og at det ikkje ein gong skal vere mogleg å opne vindauga for å luften. Den myten fekk ekstra luft under vengene då ein Frp-representant framsette den frå Stortingets talarstol i fjor, men at det er slik, er noko Guro Hauge lattermildt avviser.

– Eg veit ikkje om nokon passivbustadar i Noreg kor vindauga ikkje kan opnast, og det er heller ikkje del av nokon standard. Det som er tilfellet er at passivhus må vere utstyrt med det som kallast balansert ventilasjon – det vil seie eit ventilasjonssystem som tilfører frisk luft og samstundes tek vare på varmen i huset. I praksis betyr gjerne det at luftkvaliteten er bedre i passivhus enn i vanlige

«Det er nok framleis mange som trur at ein må gje avkall på noko for å leve miljøvenleg, men ein treng ikkje gje slepp på komforten for å spare på straumen.»



Isak Oksvold.



Guro Hauge.



Einar Wilhelmsen.

hus, kor vi ofte luftar for dårleg, særleg når det er kaldt ute, seier Guro Hauge.

Ein annan vanleg påstand er at det vil trengs opp mot ein halv meter med isolasjon i veggane for å oppnå passivhusstandard, men også det er sterkt misvisande, meiner Hauge.

– I dag er det vanleg med 20 centimeter isolasjon i veggane på nybygde hus. Eit passivhus i Oslo vil trenge 30 centimeter, og eit i Stavanger 25. Det er ingen dramatisk forskjell i dei fleste klimaområda. I dei delane av landet kor det er mykje kaldare, som i indre delar av Troms og Finnmark og på det indre austlandet vil det i utgangspunktet vere nødvendig med meir isolasjon slik standarden ser ut i dag, men i den endeleg tekniske forskrifta kjem det truleg til å bli gjeve unntak for desse krava i dei kaldeste områda.

At det blir litt dyrare å bygge etter den nye standarden vedgår ho, men det er ein pris vi bør betale, meiner ho.

– Ut frå det vi ser til no trur vi at det har ein meirkostnad på 5-10 prosent å byggje passivhus i høve til dagens standard. Nokon firma kan vere dyrare, og andre billigare. Det handlar om kostnadskontroll og kor flinke det enkelte firmaet er. Det kostar litt ekstra, men om ein ønskjer å gjere noko med klimaet så kjem ein ikkje utanom om bustadane. Oppsida er at ein får ein bustad av høgare kvalitet.

**Ønskjer skattefrådrag**

Uavhengig av kva tiltak ein ønskjer, så treng ein gode finansieringsløyser, meiner Einar

Wilhelmsen.

– Miljørørsla krev nye støttetiltak. Det er for lite pengar i Enovakassa. Dessutan meiner eg vi treng enkle og byråkratiske ordningar. Eg har tru på skattefrådrag på enøkinvesteringar, lik den ordninga ein har i Sverige, seier han.

Den svenske ordninga fungerer slik at ein huseigar kan trekke frå 50 prosent av arbeidskostnadane på skatten (opp til 50 000 kroner) ved blant anna handverkstenester. Den svenske ordninga er først og fremst oppretta for å redusere bruken av svart arbeid, men i Noreg er det fleire som

**Guro Hauge**

har teke til orde for ein liknande modell retta spesielt mot energisparingstiltak i eigen heim, blant anna programkomiteen til Venstre. Einar Wilhelmsen trur tida kan nærme seg for ei slik løysing. – Skattefrådrag har mange fordelar som støtteordning, ikkje minst at det er lett å fase ut når ein ikkje treng det lenger. Men det er ei løysing som ikkje har vore særleg tiltalende for den sittande regjeringa. Med eit regjeringsskifte til hausten kan jo det raskt endre seg, avsluttar han.

hastarheim@gmail.com



Nina Bugge.

# 5 ting DU kan gjere

– Det er nokre myter som må knekkast. Det er ikkje nødvendig å gå rundt og fryse for å spare på energiforbruket.

Det seier kommunikasjonsleiar Nina Bugge i Grønn Hverdag, ein organisasjon som har som hovudformål å gjere det enklare og meir morosamt å leve miljøvenleg og etisk.

– Det er nok framleis mange som trur at ein må gje avkall på noko for å leve miljøvenleg, men ein treng ikkje gje slepp på komforten for å spare på straumen. Og sjølv veldig små endringar i vaner kan vise att som store tal på straumrekninga.

Grønn Hverdag har samla sine fem beste tips for at du kan bu både billigare og meir miljøvenleg.

## 1. Pass på varmen

Oppvarming står for 64 prosent av energiforbruket i norske heimar. Dette er lett å gjere noko med! Enkle grep er tettingslister rundt trekkfulle vindauge og tidsur som kan slå panelomnane av når du ikkje treng varmen. Meir omfattande grep kan vere å etterisolere, bytte ut vindauge eller installere varmepumper eller sentralt styringssystem for varmen. Og om du ikkje er frostig, så løner det seg å skru ned termostaten. For kvar grad du senkar innetemperaturen sparar du ein femhundrelapp i året på straumrekninga.

## 2. Spar på varmevatnet

Varmevatn utgjør om lag 15 prosent av straumforbruket, så med gode vanar på vassforbruket kan du raskt kutte mykje i straumforbruket. Bruk av sparedusj, sparekran og gjenvinning av avløpsvatn er effektive tiltak. Det er også enkle kvardagsgrep som å dusje raskare.

## 3. Vel energieffektive kvitevarer

Kvitevarer står for rundt 10 prosent av straumforbruket til eit vanleg hushald. Det er enorme skilnadar mellom forskjellige kvitevarer. Nettstaden besteprodukter.no har ei oversikt over dei mest energieffektive varene. Vel produkt med energimerke A eller betre.

## 4. Bytt lyspærer

Sparepærer og LED-pærer er langt meir effektive og miljøvenlege lyskjelder enn glødepærer og halogenpærer. Sjølv om prisen er høgare på miljøvenlege pærer, så sparar du så mykje på energibruken og levetida på pærene, at sjølv om du fekk glødepæra gratis, så ville det framleis løne seg å velje ei spare- eller LED-pære.

## 5. Bruk støtteordningane

Anten du skal bygge nytt eller du skal gjere utbetringar i eksisterande bustad, så kan det vere mykje å hente gjennom ulike støtteordningar. Enova gjev støtte både til private bustadar og til næringsbygg, og både ved nybygg og ved etterinstallering, til dømes av varmepumpe eller varmestyringssystem. Sjekk også om kommunen din har eigne støtteordningar for deg som vil gjere bustaden din meir energieffektiv. Klima- og energifondet til Oslo er eit døme på eit slikt kommunalt støttetiltak.



# Ta grønne valg

Miljøpolitikk trenger ikke bare handle om avgifter, kostnader og alt vi må gi avkall på. De beste miljøtiltakene er nemlig de som skaper en bedre hverdag for oss alle.



## Ola Elvestuen

nestleder i Venstre

Miljøutfordringene vi står overfor er omfattende. Så omfattende at vi iblant kan føle oss små i forhold. Når USA og Kina øker sine CO2-utslipp og oljesektoren, industrien og tungtransporten står for store andeler av de utslippene vi foretar her hjemme, er det lett å miste motet. Spiller det egentlig noen rolle hva vi gjør i vår egen hverdag? Om vi legger melkekartongen i rett søppelbøtte eller slår av lyset når vi går ut av rommet?

Jeg tror det. Ikke fordi akkurat din melkekartong hindrer den globale oppvarmingen, selv om den kan være et bidrag når flere gjør som deg. Men fordi jeg tror de beste miljøtiltakene også er de som skaper en bedre hverdag for oss alle.

Vi har alle vår egen hverdag hvor vi gjør våre egne valg. Politikernes jobb er å sørge for at hvert eneste av de valgene kan gjøres så grønt som mulig. Det er det Venstres vårkampanje handler om. Og det er derfor den heter «En bedre hverdag».

### Grønn byutvikling

Det begynner i ditt eget nærmiljø, og for meg som er miljøbyråd i Oslo er jobben klar: Vi skal gjøre Norge til et foregangsland innen grønn byutvikling. Alle som bor i byer og tettsteder skal ha tilgang til sollys, ren luft og romslige grøntarealer. Og vi skal gjøre miljøhensyn til bærebjelken i alt planarbeid i byregioner.

Arealene må utnyttes bedre. Vi må legge bedre til rette for gående og syklende. Vi må etablere flere grønne lunger. Ved å fortette klokt i byen kan vi løse utfordringene som kommer med befolkningsøkningen uten å krysse markagrensener eller redusere grøntarealer.



Vi har alle vår egen hverdag hvor vi gjør våre egne valg. Politikernes jobb er å sørge for at hvert eneste av de valgene kan gjøres så grønt som mulig.

Og vi må gjøre luften vi puster inn renere. Vi må fjerne oljefyrene og erstatte dem med rentbrennende ovner. Vi må stimulere til flere solcellepaneler og til økt bruk av fjern- og jordvarme. Og alle byer må jobbe målrettet med støydempende tiltak. Da får vi både et bedre miljø og en bedre hverdag.

### Reis kollektivt

Skal vi lykkes med en grønnere hverdag må mer av dagens biltrafikk legges over på kollektiv. Her må stat og kommune løfte i fellesskap, spesielt i og rundt de store byene. Vi må ha et billig og

effektivt kollektivtilbud tilpasset oss som reiser. Da må kollektivtilbudet være nært og tilgjengelig der vi bor. Og vi må også sikre at nye boligområder, butikker og arbeidsplasser plasseres nær naturlige kollektivknutepunkter og stasjoner.

Venstre vil bygge ut jernbanenettet, med InterCity-nettet som vårt viktigste satsingsområde. Vi vil øke belønningsordningen for storbyene til en milliard kroner i året og utvide den til å gjelde flere byer og byområder. Samtidig må vi gi økonomisk belønning til byer og fylker og transportetater som når sine miljømål, og gi lokaldemokratiet stor frihet til å ta i bruk virkemidler som sikrer at målene nås.

Vi må gi skattefritak når arbeidsgiveren din betaler månedskortet ditt. Og vi må sikre flere kollektivfelt, flere Park & Ride-løsninger og begrense biltrafikken inn og ut av de store byene.

### Spar energi

I dag bruker vi for mye energi. Og mye av energien vi bruker er produsert på en gammeldags og sterkt forurensende måte. Det er en politisk oppgave å satse mer på fornybar energi og på andre former for energiproduksjon som reduserer CO2-utslippene våre. Men vi må også gjøre energibruken i hverdagen vår langt mer effektiv enn i dag.

Mye kan gjøres gjennom måten vi bygger og bor på. Vi kan effektivisere energibruken både i nye og gamle bygg og sette strenge energikrav til nye bygninger. Derfor vil Venstre satse på plusshus – bygninger som genererer mer enn de bruker, og kan produsere et energioverskudd som kan tilføres kraftnettet – og gjøre det enkelt å selge overskuddsenergi fra eget hus eller mikrokraftverk til kraftnettet.

I tillegg må vi politikere gjøre det enklere og billigere for hver og en av oss å foreta miljøvennlige valg der vi bor. Derfor vil vi gi skattefradrag for inntil 50 000 kr for energieffektivisering i egen bolig. Dette kan være nok til å skifte vinduer, installere varmepumpe eller lysregulering – eller andre tiltak som reduserer dine personlige klimautslipp.

### Grønne valg

Noen partier forteller deg at det er de som tar Norge videre. Sånn tenker ikke Venstre. Det er du som tar Norge videre, gjennom valgene du gjør, både hver eneste dag og den 9. september i år. Politikernes jobb er å gjøre det enklere å ta grønne valg. Det er krevende. Men belønningen er både et bedre miljø, en bedre framtid – og en bedre hverdag.

Mye av energien vi bruker er produsert på en gammeldags og sterkt forurensende måte.



# Summen av alt

Tenker du at hvis verstingene skjerper seg så er kloden reddet? Svaret er nei. For det er ikke én type produksjon, eller noen få verstinger, som truer naturen, miljøet og ressursgrunnlaget; det er summen av alt vi gjør, i stort og smått.



## Alvhild Hedstein

daglig leder i Stiftelsen Miljømerking

Det finnes selvsagt klimaverstinger som store kullkraftverk. Men hvis du og jeg bruker mindre energi; bytter til sparepærer eller LED-pærer, etterisolere hus, slår av strøm på apparater vi ikke bruker, velger Svanemerkede produkter, så trengs ikke kullkraftverkene - eller nye gasskraftverk.

Før var industrien verstingene som slapp ut farlige kjemikalier til luft og vann, nå er det produkter i bruk – og senere som avfall – som tar med og sprer de farlige kjemikaliene. Det har myndighetene også forstått, og forurensningsmyndighetene i Norge har derfor opprettet nettstedet [www.erdetfarlig.no](http://www.erdetfarlig.no) – der de forteller hvilke produkter som kan inneholde farlige kjemikalier, og viser til de ufarlige alternativene: De som er miljømerket med Svanemerket. Det har avgjørende og stor betydning hvilke produkter vi plukker med oss fra hyllene, hvordan og hvor lenge vi bruker dem, både for sjøfuglbestanden, regnskogen og ikke minst for framtida til våre barn og barnebarn

Miljøkampen har i alt for stor grad dreid seg om kampen mot de store synderne. Og det blir også ofte en tapt kamp, nettopp fordi – når kampen står – så er behovet for den store synderen allerede der! «Monstermastene» kunne vært unngått hvis alle husene i Bergen hadde vært bygget som svanemerkede lavenergi-hus. Men det var de ikke! Skal vi unngå de store miljøkampene er løsningen å miljøforbedre i alle ledd – utnytte alle muligheter! Eller som Kalle Moene så treffende skrev i Klassekampen i fjor; «miljøbevegelsen må sette seg kortsiktige mål, gjøre det mulige». Det håper og tror jeg at Venstre vil jobbe for å gjøre.


Alt vi gjør setter spor i naturen – såkalte fotavtrykk. Produkter er sammensatte, produksjonsprosesser er kompliserte, og alt skjer i en globalisert verden der det er umulig for oss forbrukere (eller borgere, som det vel

«Monstermastene» kunne vært unngått hvis alle husene i Bergen hadde vært bygget som svanemerkede lavenergi-hus. Men det var de ikke! Skal vi unngå de store miljøkampene er løsningen å miljøforbedre i alle ledd – utnytte alle muligheter!

heter i Venstre) å vite hva som er det beste for miljøet. Er tomater som har modnet på Italiens solfylte jorder et bedre eller dårligere miljøvalg enn kortreiste tomater som har modnet i drivhus med fossil energi? Hva tror du? Hvordan skal jeg kunne vite at tekstilene jeg kjøper ikke har forårsaket utslipp av farlige kjemikalier i Kina eller India? Kommer trefibre som er brukt i dopapiret fra regnskogen eller fra skog som er bærekraftig drevet? Hvordan skaffe oss oversikt over at kjemikaliene i vaske-midlene brytes ned i naturen, og ikke ødelegger for livet i havet? Eller være trygg på at de kosmetiske produktene som vi bruker daglig (såpe, sjampo, hudkrem, tannkrem) ikke inneholder stoffer som påvirker levende organismer negativt?

Foreleser Greg Norris ved Harvard University spurte sine studenter: «Dere har lært om ulempene og miljøkostnadene ved alle produktene dere kjøper, ved maten dere spiser, de varme dusjene dere tar. På bakgrunn av dette: Hvor mange av dere føler at kloden ville hatt det bedre dersom dere ikke var født?» Nesten alle studentene rakk opp hånda. Slik burde det ikke være, tenkte Norris – og lanserte bevegelsen «Handprint» - håndtrykket. Ideen hans er å slutte å konsentrere seg om det negative økologiske fotavtrykket og heller samle på de positive grønne håndtrykkene. Jeg er sikker på at han er på rett spor.

Det er ingen av oss som liker å være en del av miljøproblemet. Høre at vi ødelegger jordkloden som vi lever av og på. Ha dårlig miljøsamvittighet fordi vi må ta fly for å besøke familien, eller for å få litt sol og varme. Ville det ikke



være deiligere å være en del av løsningen ved å samle på grønne håndtrykk? Kjenne at du bidrar til å bevare miljøet fordi du sykler til jobben framfor å kjøre, slår av lys og apparater som ikke er i bruk, spiser mer grønnsaker enn kjøtt? Saml på de grønne håndtrykk, Kjønn på gleden over å gjøre ditt ved å samle på de grønne håndtrykkene - og bli inspirert til å gjøre mer! Ved hjelp av Svanemerket kan du sette viktige håndavtrykk. Enten det dreier valg av landsmøtehotell (som dessverre ikke var Svanemerket i fjor) eller produksjon av bladet liberal (som er Svanemerket, takket være Steinar).

Og forresten - når det gjelder hvilke tomater du skal velge for å etterlate minst mulig fotavtrykk så er svaret de italienske (med mindre de norske drivhusene slutter å bruke fossil energi). De smaker også best. Svarene på spørsmålene som fulgte, om tekstiler og trefibre, er rett og slett å velge tekstiler, papir, vaskemidler og kosmetikk som er Svanemerket. Hele 130 eksperter i Nordisk miljømerking holder rede på alle de strenge helse- og miljøkravene for å sikre deg som forbruker miljøriktige løsninger.

Våre valg kan virke små og uvesentlige, men det er summen av alt vi produserer og forbruker som skaper miljøproblemene, og det er derfor løsningene også ligger nettopp her – i våre valg.

Ansvarer kan ikke lenger plasseres hos noen verstinger. Du og jeg kan redde kloden.



# Ein betre kvardag

– Miljø treng ikkje vere kjipt. Det er poenget.

Hans Andreas Starheim

Det seier kampanjeansvarleg Per Magnus Finnanger Sandsmark om miljøkampanjen til Venstre. Heilt fram til miljødagen 5. juni vil lokallag og listekandidatar over heile landet gjennomføre aksjonar, stå på stand og besøke organisasjonar og bedrifter.

– Dette er starten av valkampen for Venstre. Målet er at vi skal vere synlege over heile landet og vise fram at Venstre har ein miljøpolitikk som er positiv og framtidssretta. Dei beste miljøtiltaka er dei tiltaka som ikkje berre tek vare på naturmangfald eller reduserer klimagassutslepp, men som i tillegg også gjer kvardagen litt betre, seier Sandsmark.

## Kom i kampanjemodus!

– No er valkampen i gang, og dette er ei kjempemoglegheit for lokallaga til å komme i kampanjemodus!

Det seier partileiar Trine Skei Grande. Ho oppmodar alle til å komme i gang med planlegginga og gjennomføringa av kampanjen så snart som råd, og til å nytte dette som eit godt høve til å vise fram Venstre og ei av dei viktigaste valkampsakene våre rundt om i heile landet.

– Det er slik vi skal vinne valet. Det beste vi har i Venstre er medlemmene våre, og det er når vi får flest mogleg av dei ut og vise fram Venstre at vi gjer det beste valresultatet.

Ho har sjølv tenkt å vere på

mange miljøkampanjar utover våren, og ho gler seg til å møte aktive venstremedlem over heile landet.

– Det er veldig mykje entusiasme og kampvilje i Venstre no, og det gjer at eg er kjempeoptimistisk for valkampen. No er det berre for dei lokallaga som ikkje allereie er i gong å komme seg i valkampmodus og vere med å vinne valet for Venstre!

## Takkar togreisande i Bø

– At vi startar valkampen med ein miljøkampanje passar meg veldig bra, for dette er det området eg interesserer meg mest for! Og så er det så bra at vi kan snakke om miljøpolitikk utan å drive med dommedagsprofetiar.

Det seier leiar Ingebjørg Nordbø i Bø Venstre. Hennar lokallag har planar om fleire aksjonar i samband med kampanjen framover mot sommaren. Ein av desse er morgonaksjonar med kaffi på Bø Jernbanestasjon, for å takke togpendlarane for at dei reiser kollektiv.

– Vi tenkte å lage eit lite flygeblad, kanskje som eit visittkort, som vi skriv «tak for at du reiser kollektiv!» på, og dele det ut saman med ein kopp kaffi til dei som pendlar med toget frå Bø kvar morgon. Det har vi tenkt å få til i alle fall to gongar, kanskje fleire.

Ut over togaksjonar vil Bø også oppmode lokal bedrifter som held til i Bø sentrum om å kjøpe inn

sykkel til bruk av dei tilsette i løpet av arbeidstida. – Sjølv om du treng å bruke bil til og frå arbeidsplassen, kan du bruke sykkel til nødvendige småærend, er Nordbø sitt tips.

Dessutan ønskjer lokallaget å legge inn eit besøk hos minst ei av dei ti miljøfyrtårnbedriftene i kommunen for å høyre kor godt nøgde dei er med ordninga.

– Og så håpar vi at alle sakene får omtale i lokalavisa, legg ho til.

## For liten og for stor

– Vi er ikkje så mange i mitt lokallag, men vi skal sjå om vi ikkje får til nokon sprell, likevel, seier leiar Kjell Andre Holstad Aashheim i Råde Venstre. Han likar godt forma på miljøkampanjen, fordi terskelen for å delta for både små og store lokallag er låg.

Råde er ikkje heilt ferdig med å planlegge miljøkampanjen enno, men dei kjem i alle fall til å ha ein togaksjon, og dei planlegg å ha stands på dei lokale marknadsdagane nærare sommaren. Og lokallagsleiaren trur ikkje det kjem til å bli vanskeleg å få med seg folk på denne kampanjen.

– Vi hadde dette oppe på årsmøtet, og folk synsast kampanjen er veldig ålreit. Dersom vi får med oss alle lokallaga rundt om i landet på dette, så blir det veldig bra, trur eg!

## Sykkelaksjon på Frogner

Takka vere lokale sykkelentusiastar er bydelslaget på Frogner

i Oslo allereie godt i gang med miljøkampanjen. To av lagsmedlemmene gjennomførte tidlegare i vinter ei sykkelstasjon i bydelen, utstyrt med videokamera på sykkel, slik at dei i etterkant kunne vise fram korleis det er å vere sykkelist på Frogner. Dokumentasjonen frå synfaringa blei overlevert til Ola Elvestuen, som i tillegg til å vere Venstre-nestleiar også er byråd for samferdsle i Oslo.

– Vi har invitert med oss bydelslaga frå St. Hanshaugen og Sagene til ein sykkelaksjon. Vi ønskjer å utfordre litt på det med sykkelveggar, sykle rundt i byen og ta bilder som viser kor det er manglar i sykkelvegnettet, seier bydelslagsleiar Anne-Lise Bergenheim.

– I tillegg delar Frogner Venstre for andre gong ut sin eigen nærmiljøpris i år. Vi ønskjer å gje ei utmerking til ein lokal aktør som er ein god rollemodell i lokalmiljøet. I fjor gjekk prisen til den økologiske restauranten Kolonihagen. I år kan den kanskje gå til ein av dei mange lokale sykkelreparatørane i bydelen, foreslår Bergenheim.

## Raud miljøtråd

Kvart fylkeslag skal etterkvart ha utpeikt ein kampanjeansvarleg som følgjer opp lokallag og listekandidatar i kvart fylke. Elin Berg Schmidt er styremedlem i Vestfold Venstre, og har teke på seg denne rolla der.

– Eg synest det er viktig at vi gjennom kampanjen både får vist fram Venstre og vårt miljøengasjement, og samstundes at vi nyttar sjansen til å lære noko tilbake, seier ho. Kampanjearbeidet i hennar fylkeslag har starta med at ho har teke kontakt med alle lokallag og listekandidatar for å oppmode dei til å komme i gang med planlegginga.

– Kvar av listekandidatane må jo tenke ut sjølv først kven det passar for dei å besøke. Det er lurt at ein også knytter det til noko lokalt. Så kan vi i fylkeslaget følgje litt med på om det er nokon vi meiner vi burde ha snakka med, seier Schmidt.

Ho viser til at Vestfold Venstre vedtok ei uttale om å ta vare på miljøressursane langs Oslofjorden, og at kandidatbesøk då gjerne kan knytast til det.

– Vi vil til dømes prøve å få til eit besøk hos Jeger- og Fiskarforbundet i fylket, som har vore opptekne av dei same spørsmåla. Då blir det ein raud tråd frå det vi har vedteke politisk til miljøkampanjen. Det er eit godt høve til å formidle kva vi er opptekne av, samstundes som vi heilt sikkert kan lære noko tilbake frå Jeger- og Fiskarforbundet, og frå andre organisasjonar som er opptekne av dei same problemstillingane, avsluttar Elin Berg Schmidt.

*hastarheim@gmail.com*

# Venstres miljøkampanje 2013



# – Kollektivpolitikk er ikkje berre Oslopolitikk

Også utanfor dei mest tettbygde stråka vil venstrefolk satse på kollektiv. – Tida for å spele inn lokale samferdsleønskjer er no, seier Borghild Tenden.

Hans Andreas Starheim

– Heilheita blir borte om kollektivsatsing blir noko ein driv med berre i dei mest urbane områda. Det meiner venstreordførar Runar Bålsrud i Hurdal kommune. Hurdal er den minste kommunen i Akershus, og Bålsrud synest det er tøft for ein liten plass å nå gjennom med sine kollektivønskjer i konkurranse med dei mykje meir folketette områda nærare hovudstaden. Han ønskjer Venstre enda meir på banen som eit breitt kollektivparti.

– Vi får eit fattigare samfunn om alle skal bu rett ved dei store trafikknutepunkta. Det er viktig å få dei store kollektivsystema til å fungere her på austlandet og å satse på togruter, men det må vere eit balansepunkt kor ein også finn rom for at det skal vere mogleg å bu litt i utkanten. Eg trur det er god folkehelse at folk kan få velje å bu litt forskjellig.

Derfor har han har jobba aktivt

opp mot trafikksekskapet Ruter for å få på plass eit betre tilbud, ikkje minst for pendlarane som bur i Hurdal og jobbar i Oslo.

– Eg skjønar godt at vi ikkje kan vente å ha buss kvart kvarter, men slik det er no så har vi ein buss som går til Gardermoen 6.30 og ein buss som går klokka 9. Det er det tilbudet som fins for dei som vil reise kollektivt til jobb. Laurdag og søndag er det ikkje ein buss å sjå. Vi har jobba mykje her i kommunen for å få til eit spleiselag med Ruter slik at fleire avgangar kan komme på plass og tilbudet blir betre. No håpar eg at vi får med oss Venstre i fylket og nasjonalt på at også busstilbod for mindre plassar er ein del av Venstre si kollektivsatsing, seier Bålsrud.

#### Vil bli kollektivknutepunkt

Ordførar Hallvor Lilleslett i Gol kommune i Hallingdal ser føre seg at ein på sikt kan få til egne

pendlarbussar i regionen, og at Gol stasjon kan bli eit kollektivknutepunkt som knyt både gods- og passasjertrafikk frå toget til andre transportmiddel.

– Hallingdal er ein ganske lukka arbeidsregion, nesten utan utpendling i dag, men det skjer mykje arbeidsreiser innanfor regionen. Vi manglar eit kollektivalternativ for dei jobbreisande og det er noko vi gjerne kunne tenkje oss å få til, seier venstreordføraren.

Ideen er framleis ikkje meir enn ein ide, men ordføraren ser føre seg at det kan vere trafikkgrunnlag for to-tre bussar i timen i rushtida. Gevinsten er eit betre tilbud for dei som bur i regionen, mindre utslepp frå personbiltrafikk, og tryggare vegar, særleg vinterstid.

Nyleg har Gol også sett i gong eit prosjekt i samarbeid med busstransportørar, taxi, fylkeskommunen, stasjonseigaren og

jernbaneløysing for å gjere det enklare for reisande på toget å komme seg til og frå mellom tog og andre transportmiddel på Gol Stasjon. På sikt ser ordføraren føre seg at Gol kan bli eit knutepunkt også for godstrafikk på tog.

– Når Ringeriksbanen kjem på plass og reisetida til Oslo blir korta ned med nesten ein time, så vil toget bli veldig viktig for Hallingdal, og det vil gjere oss meir attraktive både som buområde og ikkje minst som utfartsmål både for turisme og kurs- og konferansemarknaden. Då ønskjer vi å gjere stasjonen på Gol til eit effektivt knutepunkt som gjer det enda meir attraktivt å reise hit, legg Lilleslett til.

#### Vil ha storbymidlar

I Stavangerregionen bur det nesten like mange menneske som i Bergen på eit omlag like stort område, men Rogaland får i motsetnad til Oslo, Bergen og Trondheim

